

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tysdag 25.aug 2026 Kl. <u>18.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret

Til stades: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Randi Agnete Nysæter, Dag Sele, Runar Larsen (vara for Jørgen Knudsen), Åslaug L. Nag, Gjertrud Husøy

Forfall: Jørgen Knudsen, Dag Kjetil Lægreid (1. vara), Runar Isdal (2.vara)

SAKLISTE

2026/35 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent

2026/36 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt: Ingen saker

2026/37 - 023 Plan for soknet 2026-2027

vedl 1

Arbeidsutvalet har utarbeida framlegg til brosjyre med satsingar for 2026-2027 basert på innspela i juni-møtet. Soknerådet drøftar og gjer endeleg vedtak om satsingane.

Vedtak:

Soknerådet vedtek satsingane for skuleåret 2026-2027 som framlagd, med nokre språklege forbetringar.

2026/38 - 411 Mandat for arbeidsgruppe «framtidig møblering av Stord kyrkje»

Leif Steinar Alfsvåg legg fram forslag til mandat for arbeidsgruppe som skal kartleggje moglegheiter og utfordringar knytt til ei evt utbyting av kyrkjebenker med stolar.

Moment frå samtalen i møtet:

- Leif Steinar la fram utkast til mandat for arbeidsgruppa og orienterte om kven som har sagt ja til å vere med i arbeidet. Per no er gruppa Leif Steinar Alfsvåg, Dag Sele, Gjertrud Husøy, Einar Eide og Martin Hystad.
- Innspel om at det kanskje kan vere nyttig å knyte til seg en arkitekt om mogleg
- Diskusjon om kor vidt hovudfokus er alternative løysingar med stolar eller også evt alternativ med (nye) benkar som er flyttbare.
- Diskusjon og presisering av at hovudfokus er sitteløysingar og løysingar for oppvarming som ein følgje av å ta bort benkevarmarane, ikkje anna møblering som kyrkjeleg inventar, tekniske løysingar (lyd, lys, bilete osv).

Vedtak:

Soknerådet vedtek følgende mandat for arbeidsgruppa:

MANDAT FOR «FRAMTIDIG MØBLERING AV STORD KYRKJE»

Stord Sokneråd hadde i møte 9.juni 2026 til handsaming sak om "Framtidig møblering av kyrkjerommet", sak 2026/31-411. Det blei vedtatt å opprette eit arbeidsutval for vidare utgreiing av saka. Føremålet er å få fram eit kunnskapsgrunnlag som basis for drøfting og vedtak i soknerådet. Siktemålet er å presentere arbeidet i januarmøtet (2027).

Eit eventuelt positivt intensjonsvedtak vil i neste fase bli oversendt Kyrkjeleg Fellesråd (FR) som har det overordna eigar- og forvaltaransvaret for bruk av kyrkjerommet.

UTVALET får i oppdrag å:

- Kartleggje moglegheiter og handlingsrom for alternative sitteløysingar i kyrkjerommet/ kyrkjeskippet og galleri i samband med framtidig innvendig rehabilitering av kyrkja.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- Utgreiinga skal fokusere på føremoner og ulemper ved både benker og stolar relatert til det rike mangfaldet av aktivitetar i kyrkja
- Utarbeide skisse(r) til stoloppsett i kyrkjerommet og galleri. I vurderinga er tatt med aktuelle stoltypar, utan at dette inneber bindingar for vidare prosess.
- Komme med innspel til vidare utgreiing av alternative opplegg for oppvarming av kyrkja som erstatning for setevarmarane som blir fjerna.
- Utvalet står fritt til å innhente erfaringar frå tilsvarende prosjekt.

2026/39 - 330 Høyringsinnspel – rammeplanar for Kyrkjeleg Undervisning og Læring

Kyrkjerådet har bede om innspel til framlegg av seks rammeplanar for Kyrkjeleg Undervisning og Læring, med høyringsfrist 15.september.

Framlegget til planar er tilgjengeleg på www.kirken.no/hoeringer og soknerådsmedlemmene er venta å ha lese planane før møtet. Høyringss spørsmål er og tilgjengeleg på same sida. Rådet drøftar framlegget og tek stilling til om det er høyringss spørsmål vi ønskjer å svare på.

Soknerådsmedlemmene bes førebu evt konkrete innspel til dei særskilde høyringss spørsmål som er tilgjengeleg på lenka over. Samtalen i rådsmøtet vil elles fokusere på om det er meir generelle innspel soknerådet ønskjer å løfte fram, utan å gå gjennom alle spørsmål.

Moment frå samtalen:

- Soknerådet er av den oppfatning av rammeplanane har eit godt innhald og har ein god samanheng mellom dei ulike planane. Dei gir viktige signal til kyrkjelydane og er utforma som nasjonale planar med mange moglegheiter og få «skal»-formuleringar – som gir eit godt handlingsrom for utforming av lokale planar og lokal tilpassing.
- Positivt at dei har klart å halde planane såpass korte. Samstundes er det ein del gjentakning og ein bør sjå om noko meir kan leggjast i ein generell del først for å gjere det enda enklare å sjå kva som er særskild ulikt i dei seinare delane.
- Soknerådet har nokre konkrete innspel til bibeltekstar og salmar, særleg vektlegging av dei ti bod (feil bibelreferanse i planen + ta med i tidlegare alderstrinn) og salmen «Gud skapte lyset og livet og meg».
- Planane er veldig forsiktige i formuleringar om kva ein «skal» eller «bør» gjere, og det støttar me i hovudsak – fordi det gir rom for lokal tilpassing. Det er og i tråd med innspel frå kyrkjelydspedagogane i soknet som ønskjer stort handlingsrom. Samstundes meiner rådet at særleg kyrkjeleg konfirmasjon bør vere gjenkjenneleg mellom ulike sokn, og at Den norske kyrkja sentralt bør legge sterkare føringar til måla for læring i konfirmasjonsundervisninga («felles nasjonalt produkt»), t.d. gjennom «bør»-formuleringar.
- Rådet reagerer på at samisk får ein unaturleg stor plass i rammeplanane, særleg i talet på formuleringar i sjølve rammeplanen. Ønskjer gje eit innspel om at det kortast ned i teksten, og at det må leggjast større vekt på at samisk innhald tilpassast den plassen samisk har i den lokale kyrkjelyden / nærområdet.
- Noko diskusjon i rådet om rekkjefølga av underpunkta i planen, der ein kunne hatt kristen tru og praksis tidlegare dersom det er noko rangering i rekkjefølgja.
- Innspel om at rammeplanane vert lagde fram på kyrkjemøtet, ikkje berre i kyrkjerådet.
- Positivt at ein i rammeplan for 0-5 år har eit særskild fokus på å sjå og adressere foreldra til ungane. Her er det eit unytta potensial i måten me jobbar på i dag.
- Trur det er viktig at born og ungdom som veks opp i dag vert trygg på si eigne kristne tru i møte med eit fleirkulturelt samfunn og andre religionar og livssyn. Dei to kulepunkta i planen for 13-19 år om religionsdialog fangar opp dette, men det kan med fordel få eit tydelegare fokus som ei overordna problemstilling som er stadig meir relevant.
- Rådet trur det med fordel kan lagast ein rettleiar som følgjer rammeplanane om korleis sokna skal arbeide vidare med dette og korleis ein lagar lokale planar (i Kyrkja vår?) basert på desse rammeplanane.
- Rådet gir og innspel om at det bør lagast noko støttemateriell knytt til einskilte punkt i rammeplanane for å gjere det enklare å gjennomføre forslaga lokalt. Eit døme er «... maktbruk»... som kan vere lett å velje bort utan godt støttemateriell.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak:

Soknerådet bed AU sende svar på høyringa i tråd med innspela som kom i møtet. Høyringssvaret skal og sendast ut til soknerådsmedlemmene som orientering.

2026/40 - 301 Deltaking på Bjørgvinsamtalen 27.sept

Soknerådet kan sende inntil 3 deltakarar på Bjørgvinsamtalen i Bergen 27.september (kl 11-17), med gudsteneste i Bergen domkyrkje og påfølgande opplegg på Grand Hotel Terminus.

Vedtak:

Soknerådet v/leiar melder på følgande deltakarar:

- Anders

(Leiar sjekkar med dei som ikkje var i møtet om dei ønskjer vere med)

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved Runar
 - a. Inkl. orientering frå 18-30 prosjekt og ungdomsutvalet
 - i. 18-30 prosjektet førebur søknad til Bjørgvin Kyrkjelege Fond og ser for seg å søke midlar for 3 år framover.
 - ii. Runar har med 3 ungdommar på Vegkryss-konferansen i Bergen til helga.
 - b. Kyrkjelydsleir 18.-20.september
 - c. Medarbeidarfest – 50 påmeldte
 - d. Her og der startar 31. august
2. Orientering frå fellesrådet v/Dag og Knut
 - Kyrkjeverje Guro Betten er i gong og jobbar med å setje seg inn i alle fagfelta.
 - Budsjettarbeid. Overskot i 2025 pga. ledige stillingar, midlar blir delvis sett på bunde fond av omsyn til forventa trekk i midlar i 2026.
 - Jobbar med innspel til dei politiske partia som no førebur programma for valet i 2027.
 - Gravplassarbeidet godt i gong.
3. Løypemelding vedr. arbeid med dugnads-maling av benker (v/Sigrid)
 - a. Prosessen er i gong med dialog med bispedømekontoret og kyrkjeverje.
 - b. Ein ventefase no før formalitetane kjem på plass.

Skriv, referat og meldingar

1. Økonomistatus pr 31.05.2026
2. Infoskriv: «Kyrkjevalet 2027 – dette bør du vita no»
3. Referat, Kyrkjelivsutval 2.jun
4. Referat, Gudstenesteutval 21.apr
5. Sommarbrev, 18-30 prosjektet

Anders Dahl
soknerådsleiar

Kirsti Frugård
referent